

## Gjerdehald

Det er viktig å gjera eit godt førearbeid og planlegga gjerdevalet og gjerdelinja grundig før ein set i gang. Kva gjerde og stengsel ein skal nytta ved styrt beiting vert avgjort av ulike faktorar som:

- Kva finst av eksisterande gjerde?
- Kva finst av naturlege stengsel som elvar, hamrar og liknande? Det er viktig å utnytta naturlege stengsel som elvar og hamrar så langt det let seg gjera, då dette vil kunna redusera gjerekostnaden. Ver likevel merksam på at geiter og kje er ekspertar i å koma seg rundt gjerde, så ver svært nøyen med avslutninga av gjerde på slike plassar på beite til geiter og kje.
- Kva type areal er det, kva vegetasjon og topografi er det?
- Skal det beitast fast, eller er beitinga på arealet berre mellombels?
- Kva dyr skal gjerast inne?
- Ferdast det mykje folk i området?
- Kva trengst av grinder med meir?

Under fylgjer råd om kva type gjerde ein bør velja alt etter kva areal og tilhøve det er snakk om. Det er under teke utgangspunkt i beite til geiter og kje, då geiter er det dyreslaget som er vanskelegast å gjerda inne. Sauer og lam kjem i ei mellomstilling, medan ein til storfe og hest kan klara seg med enklare gjerdeløysingar.

### Permanent nettinggjerde (tradisjonelt sauegjerde)

Permanent nettinggjerde er tilrådd ved permanent beiting der det er eksisterande gjerde, eller ved permanent beiting i område med mykje folk/turistar. I område med turistar vil dyra ofte bli lokka mot gjerdet, og ein får då lett eit veldig press mot gjerdet og kan slik få problem med gjerdehaldet. Det er viktig med god over- og undertråd på permanent nettinggjerde til geiter og kje, og det kan også vera lurt å forsterka gjerdet med ein straumførande trå på innsida av gjerdet. Den straumførande tråden kan monterast ved isolatorar som er skrudde inn i gjerdestolpane.

### Mobilt elektrisk nettinggjerde



Dersom ein nyttar mobilt elektrisk nettinggjerde til geit og kje, er det tilrådd med 90 cm høgde på gjerdet.  
Foto: L. A. Nordheim Kusslid

Mobilt elektrisk nettinggjerde er tilrådd ved mellombels beiting og/eller intensiv beiting (stripebeiting) på godt areal. Dersom arealet er for kupert, er det derimot ikkje tilrådeleg. Mobilt elektrisk nettinggjerde fungerer flott inntil åtte buntar lengde, men det er viktig med gode jordingsspyd og ikkje for turr mark for at ein skal få tilstrekkeleg straum på gjerdet. Dersom gjerdet vert flytta inn eit lite stykke etter ei tids beiting, vil ein ikkje få problem med at graset veks opp i gjerdet og tek straum. Alternativt må ein slå eller sprøyta langs gjerdelinja. Til geiter og kje vert det anbefalt at ein nyttar 90 cm høgde på elektrisk nettinggjerde. Erfaringar har vist at

gjerde på 105 cm høgde har lett for å bøya seg, og det er såleis ikkje tilrådd at ein nyttar høgre gjerde enn 90 cm.

### **Permanent elektrisk gjerde**

Permanent elektrisk gjerde er tilrådd ved permanent beiting på areal utan eksisterande gjerde. Denne gjerdeløysinga vert rekna til om lag halve kostnaden samanlikna med tradisjonelt permanent nettinggjerde. Det må vera nokolunde greitt terreng, ikkje for kupert, for at denne typen gjerde skal fungera godt. Di lengre og rettare gjerdelinjer ein kan montera, di betre vil denne gjerdetypen fungera. Gjerdet består av stolp med straumførande trådar som er monterte på stolpane ved hjelp av isolatorar som er skrudde i stolpane. Det er tilrådd å her nytta isolatorar som har mest mogleg metall inni konstruksjonen, då isolatorane som berre er laga av plast har lett for å knekka av. Langs veg kan isolatorane og dei straumførande trådane monterast direkte på autovernet, men dette må sjølvst i så fall klarerast med Statens vegvesen i kvart einskild tilfelle. Dersom ein nyttar autovernet på denne måten, sparar ein stolp, og gjerdekostnaden vil då bli ytterlegare redusert.

Dei straumførande trådane vert slakka ned om hausten og stramma opp om våren ved hjelp av spesielle strammehjul. I område med mykje snø, langs veg med snøbrøyting eller i område med mykje hjort, er det tilrådd at ein legg dei straumførande trådane ned om hausten. I område med mykje hjort kan det i det heile vera ei utfordring å få straumgjerde generelt til å fungera. Dette då hjorten lett sparkar borti gjerdet med føtene når den hoppar over gjerdet. Nokre meiner likevel at dersom den øvste tråden er tydeleg farge på, vil det kunna fungera også i område med hjort.



Permanent elektrisk gjerde.

*Foto: H. P. Eidseflot*

Som for anna elektrisk gjerdehald er det avgjerande med tilstrekkeleg straum på gjerdet og gode jordingsspyd. Det må elles sprøytast eller slåast under gjerdelinja i løpet av sesongen for å hindra at graset veks opp i gjerdet og tek straum frå gjerdet. Nærare informasjon om permanent elektrisk gjerde kan ein finna i eit rettleiingshefte om permanent elektrisk gjerde utgjeve av Forsøksringen og Fylkesmannen i Hordaland i 2007.